

Saksnr: 2019/57-1
Saksbehandlar: Odd Bjarne Berdal

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		12.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019
Fylkestinget		17.12.2019

Høyring om lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune**Forslag til vedtak**

1. Høyringsforslaget til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune slik det ligg i vedlegg 1 vert sendt på ope høyring.

Samandrag

Fylkesrådmannen legg i saka fram høyringsforslag til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune. Resultat av denne høyringa vil inngå som eit grunnlag for politisk sak til Vestland fylkesting våren 2020.

Skuleåret 2020/21 vil vere eit overgangsår, og inntaks- og formidlingsforskriftene for Sogn og Fjordane og Hordaland vil vere gjeldande dette skuleåret. Tilbod som er tilgjengelig berre i eitt av inntaksområda er fylkesdekkjande tilbod som alle i Vestland fylke kan søkje på. Frå hausten 2021 er det eitt felles inntak i Vestland fylkeskommune, og ny inntaks- og formidlingsforskrift vil då vere gjeldande.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør for
Avdeling opplæring og kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1- Høyringsforslag til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune
- 2 Vedlegg 2- skular, tilbod, grupper og elevtal 18-19
- 3 Vedlegg 3 - Uttale inntaksområde - hovudtillitsvald

4 Godkjenningslogg

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkesrådmannen legg her fram høringsforslag til lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune.

Forskrift til opplæringslova §6-2 og 6A-2 set krav til fylkeskommunane om å fastsetje lokale forskrifter for inntak til skule og formidling. Den lokale forskrifta om inntak og den lokale forskrifta om formidling kan vere den same forskrifta.

Lokal forskrift om inntak skal: *innehalde reglar om korleis inntaket vil bli gjennomført, mellom anna inntaksområde, kva for utdanningsprogram eller programområde det er fastsett særskilde inntakskrav for, og korleis inntaket elles skal gjennomførast. Forskrifta kan også innehalde utfyllande føresegnar om formidling.*

Den lokale forskrifta skal innehalde reglar om inntak til landslinjer og dei statlege vidaregåande skolane, jf. § 6-12 og § 6-44.

Både Hordaland og Sogn og Fjordane har ei felles lokal inntaks- og formidlingsforskrift. Fellesnemnda har vedteke at dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fellesnemnda vedtok lokal inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland gjeldande for skuleåret 2020/2021.

Vedtak i fellesnemnda

Fellesnemnda for Vestland fylkeskommune har gjort desse vedtaka **om inntak og inntaksområde i Vestland fylkeskommune**

19.12.18, PS 56/2018 Inntak i vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune - overordna prinsipp for inntak :

1. Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert vert lagt til grunn for vidare arbeid med tilbudsstruktur og inntak.
2. Prosjektlear kjem tilbake med sak om tal inntaksområde og geografisk avgrensing av desse til fellesnemnda våren 2019

13.03.19, PS 19/2019 Inntak i vidaregåande opplæring

1. Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021.

Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021.

Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019.


2. Det vert sett i gong ein prosess mot felles inntak frå skuleåret 2021/2022 som skissert i saksframlegget.

3. Fellesnemnda ber om at nærskuleprinsippet vert utgreidd i det vidare arbeidet med val av inntakssystem til saka kjem i oktober 2019. Gjerne etter modell frå Trøndelag.

23.05.19, PS 35/2019 Inntaks- og formidlingsforskrift til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune – skuleåret 2020/2021

Fellesnemnda tek inntaks- og formidlingsforskrift gjeldande for Vestland fylkeskommune for skuleåret 2020/2021 til etterretning.

1 Tilbudsstruktur skuleåret 2019/2020



Karta over syner lokalisering av dei vidaregåande skulane i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Det er til saman 42 vidaregåande skular i dei to fylkeskommunane. Skuleåret 2018-2019 er det om lag 1100 klassar. Av desse er ca. 100 klassar (grupper) tilrettelagde klassar for elevar med særskilte behov. I tillegg til opplæring ved eigne skular er det 6 utvekslingsklassar på vg2, det vil seie elevar som får opplæringa ved vidaregåande skule i eit anna land, men organisert av Hordaland fylkeskommune.

Det er stor variasjon i storleiken på skulane, med om lag ein fjerdedel med 15 eller færre klassar og ein fjerdedel med 30 eller fleire klassar. Det er til saman om lag 21 000 elevar i dei fylkeskommunale vidaregåande skulane.

Fordelinga mellom yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram er noko ulik i fylka. Søkjartala til vg1 for skuleåra 2018-19 og 2019-20 syner at i Sogn og Fjordane søker om lag 55-56 % til yrkesfaglege utdanningsprogram, medan tilsvarande tal i Hordaland er 51-52%. Bergensområdet, med over halvparten av søkjarane, har større del av søkjarar til studieførebuande utdanningsprogram enn resten av Hordaland, der fordelinga er om lag som i Sogn og Fjordane.

Vedlegg 2 syner tal utdanningsprogram og programområde per nivå ved skulane og samla elevtal. Det er store forskjellar i breidda på tilboda mellom skulane, frå skular som tilbyr mellom 5-7 yrkesfaglege utdanningsprogram og fleire programområde på vg2, til skular svært få tilbod både på vg1 og vg2-nivå. Av dei 31 skulane som tilbyr utdanningsprogrammet studiespesialisering er det ein eller to klassar på vg1 ved 18 av skulane og meir enn 3 klassar på vg1 ved 13 av skulane. I Hordaland er det fem skular med mellom fem og åtte parallelle klassar, desse skulane er i Bergen.

Tabell 1

Tal søkarar til vg1 med ungdomsrett, første ønske		2018-2019				2019-2020			
Utdanningsprogram kode	Utdanningsprogram navn	Hordaland		Sogn og Fjordane		Hordaland		Sogn og Fjordane	
		tal	%	tal	%	tal	% av	tal	%
	Tal reelle søkartal og prosent søking til kvart utdanningsprogram i prosent av total søking til vg1 nivået.								
	Alle utdanningsprogram	7234		1633		7120		1680	
ID	Idrettsfag	359	5,0 %	104	6,4 %	339	4,8 %	103	6,1 %
KD	Kunst, design og arkitektur	116	1,6 %	12	0,7 %	104	1,5 %	16	1,0 %
ME	Medier og kommunikasjon	182	2,5 %	29	1,8 %	185	2,6 %	28	1,7 %
MD	Musikk, dans og drama	224	3,1 %	37	2,3 %	208	2,9 %	50	3,0 %
ST	Studiespesialisering	2554	35,3 %	543	33,3 %	2628	36,9 %	535	31,8 %
	Søkarar til studieførebuande utdanningsprogram	3435	47,5 %	725	44,4 %	3464	48,7 %	732	43,6 %
BA	Bygg- og anleggsteknikk	514	7,1 %	131	8,0 %	432	6,1 %	124	7,4 %
DH	Design og håndverk	153	2,1 %	18	1,1 %	139	2,0 %	30	1,8 %
EL	Elektrofag	611	8,4 %	170	10,4 %	515	7,2 %	200	11,9 %
HS	Helse- og oppvekstfag	1107	15,3 %	246	15,1 %	1017	14,3 %	241	14,3 %
NA	Naturbruk	326	4,5 %	52	3,2 %	317	4,5 %	57	3,4 %
RM	Restaurant- og matfag	136	1,9 %	29	1,8 %	149	2,1 %	33	2,0 %
SS	Service og samferdsel	294	4,1 %	89	5,5 %	266	3,7 %	64	3,8 %
TP	Teknikk og industriell produksjon	658	9,1 %	173	10,6 %	821	11,5 %	199	11,8 %
	Søkarar til yrkesfaglege utdanningsprogram	3799	52,5 %	908	55,6 %	3656	51,3 %	948	56,4 %
	Sum søkarar til utdanningsprogramma	7234	100 %	1633	100,0 %	7120	100 %	1680	100,0 %
	Søkartal til innføringstilbod for min.språk elevar	166		100		88		80	

Tabell 1 syner søkinga til vg1 i dei to fylka til skuleåra 2018-19 og 2019-20. Tala syner at om lag 20% av søkjarane er i Sogn og Fjordane og 80% er i Hordaland.

Søkinga til dei fem utdanningsprogramma Studiespesialisering, bygg- og anleggsteknikk, helse og oppvekstfag, elektrofag og teknikk og industriell produksjon har utgjort mellom 75 og 77 % av søkinga til vg1.

I begge fylka har søkinga til kvart av utdanningsprogramma kunst, design og arkitektur, medium og kommunikasjon, design og handverk og restaurant og matfag vore under 3% av den samla søkinga til vg1.

I dei fleste utdanningsprogram er det eit eller fleire programområde med stor overvekt av søkjarar i forhold til dei andre programområda i utdanningsprogrammet.

Tabell 2

Utdanningsprogram	Programområde på vg2	Dei største programområde sin del av søkinga i utdanningsprogrammet
Bygg- og anleggsteknikk	Byggteknikk	50-60% i begge fylka
Elektrofag	Elenergi	50 % i Sogn og Fjordane, 70% i Hordaland
Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag	40-50% i begge fylka
Teknikk og industriell produksjon	Køyretøy Industrieteknologi	25-30% i Sogn og Fjordane, 20-25% i Hordaland 30-33% i begge fylka

Tabell 2 syner kva programområde som er størst i omfang i dei fire utdanningsprogramma som er dei største yrkesfagleg utdanningsprogramma.

Til utdanningsprogrammet service og samferdsel søker om lag 4-5% av søkjarane til vg1, og søkinga til vg2 syner stor forskjell mellom fylka. I Sogn og Fjordane vel om lag 40% sal, service og sikkerheit og 40% transport og logistikk. I Hordaland er søkinga til sal, service og sikkerheit om lag 55%, medan det er vesentleg færre som søker seg til transport og logistikk, om lag 20%.

Vedlegg 2 syner samla oversikt over søkinga til vg2.

2 Noverande inntaksmodell i Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar

Begge fylkeskommunane har i dag ein karakterstyrt inntaksmodell med heile fylket som inntaksområde - ofte kalla fritt skuleval. Dette inneber at søkjarane konkurrerer om skuleplassar på bakgrunn av karakterpoeng. Søkjarane konkurrerer då i prinsippet om alle skuleplassane i fylket. I praksis vil likevel skule- og tilbodsstrukturen i stor grad styre kvar ungdommane ønskjer å gå på skule.

Tal frå Sogn og Fjordane syner at dei fleste søker seg til næraste skule. Om lag halvparten av søkjarane søker same skule på første og andre ønske, medan halvparten prioriterer same programområde ved fleire skular.

I Hordaland er det eit skilje mellom stor-Bergen og resten av fylket. Utdanningsvalet til søkjarane i Bergen og omlandskommunane er i stor grad styrt av kva utdanningsprogram dei ønskjer å gå på. Dei søker gjerne eitt eller fleire prioriterte utdanningsprogram både på næraste skule og skular i stor-Bergen. Elles i fylket er situasjonen litt annleis. Søkjarane tenderer då først mot å prioritere utdanningsprogram på næraste skule eller ein annan skule i regionen. Som alternativt val, om dei ikkje kjem inn på førstevalet, prioriterer søkjarane å søkje eit anna utdanningsprogram på ein skule i same region. Mobiliteten er altså monaleg større i stor-Bergen enn i resten av fylket.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld demografi og infrastruktur med halvparten av innbyggjarane i Hordaland. Bergen har i tillegg folkerike omlandskommunar, der mange søkjarar historisk sett vel å søkje seg til skular i Bergen.

Det er tydelege reisemønster frå omlandskommunane med tanke på jobb og skule, og det er god kommunikasjon til og frå Bergen. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkjarane søker skule på tvers av bydelar og kommunegrensar. Elevane busette i Bergen kommune vil ha tilgang til alle utdanningsprogram innan ein time reiseveg kvar veg. Dette gjeld og for svært mange søkjarar busett i dei folkerike kommunane som grensar opp mot Bergen.

Fylkestinget i Hordaland gjorde 13.12.2016 følgjande vedtak:

Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane:

- Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på same skule på neste trinn påfølgjande skuleår.

- Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.

Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.

Fylkestinget ber om at utval for opplæring og helse vert gitt ei orientering kring retningslinjer og oppfølging i høve søknadsskjemaet og opplæring i dette med omsyn til saksframlegget.

Dette vedtaket inneber at inntaksmodellen er noko ulik i dei to fylka.

Ordninga med elevane på Vg1 studieførebuande utdanningsprogram sin rett til å fortsetje på same skule påfølgjande skuleår vil vere gjenstand for vurdering i dette høyringsgrunnlaget.

Hordaland har eit stort tal privatskular, medan Sogn og Fjordane har ein. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er høgt, men dette gjer seg også gjeldande i andre mindre kommunar i Hordaland.

Dei aller fleste elevplassane i dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserande utdanningsprogram (i underkant av 2000), og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum (omlag 1600).

3 Inntaksmodell For Skuleåret 2020/2021

Fellesnemnda (PS 19/2019) har vedteke at det skal vere to inntaksområde lik dagens fylkesgrenser skuleåret 2020/2021. Tilbod som er tilgjengelig berre i eitt av inntaksområda er fylkesdekkjande tilbod som alle i Vestland fylke kan søkje på.

4 Alternative inntaksmodellar i Vestland fylkeskommune

Alternative inntaksmodellar

Vi kan sjå føre oss fire hovudmodellar for inntak:

Modell 1: eitt inntaksområde – karakterbasert (fritt skuleval)

Søkarane kan fritt søkje alle skular i heile fylket. Karakterar avgjer kven som kjem inn på kva programområde og på kva skule. I modell 1 vil heile Vestland fylke vere inntaksområde.

Fordelar:

- Gir søkarane valfridom til både skule og programområde
- Gir søkarane høve til miljøskifte

Ulemper:

- Søkarar med svakast karaktergrunnlag kan få lang reiseveg
- Gir størst valfridom for søkarane med best karaktergrunnlag
- Er meir krevjande å dimensjonere opplæringstilbodet opp mot søkinga

Grunnlag for vurdering av modellane

I omtalen under er fordelar og ulemper knytt til modellane 2-4 vurdert opp mot modell 1.

I modellane 2-4 vil ikkje alle søkarane ha tilgang til alle programområde i eige inntaksområde/nærskule. Det vil difor vere trong for tilbod som er fylkesdekkande eller som berre vert gitt tilbod om i nokre inntaksområde. Til slike tilbod kan alle søke på tvers av inntaksområde og konkurrerer på like vilkår uavhengig av kvar ein bur.

Modell 2a : Eitt inntaksområde – «fullskala» nærskuleprinsipp

Søkarane vert, etter folkeregistrert adresse, styrt til næraste skule som har dei programområda søkaren har søkt på. Karakterar avgjer kven som kjem inn på kva programområde og på kva skule.

Fordelar:

- Dei fleste søkarane vil allereie før inntaket vite kva skule dei kjem inn på
- Gir meir stabile og difor føreseielege tilbod

Ulemper:

- Gir søkarane mindre valfridom til skule
- Gir søkarane mindre høve til miljøskifte
- Søkarar med svakast karaktergrunnlag vil kanskje ikkje få plass på nærskulen og difor få lengst reiseveg
- I område med lågt eller fallande elevtalsgrunnlag kan det blir krevjande å oppretthalde tilbodsstrukturen på nærskulen
- Kan gi uheldige verknader for søkarar som bur i grenseområde mellom to skular

Modell 2b : Eit inntaksområde - nærskuleprinsipp etter modell frå Trøndelag

Trøndelag fylkeskommune har ei inntaksordning basert på nærskuleprinsippet der søkarane blir prioritert ut frå kva kommune dei kjem frå dersom utdanningsprogrammet/programområdet finst ved nærskulen. Dersom nærskulen ikkje har utdanningsprogrammet/programområdet søkaren ønsker, vel søkaren sjølv kva anna skule han/ho vil søke og konkurrerer på karakterpoeng på lik linje med søkarar som har dette som sin nærskule. For Trondheim er nærskulen definert som ein skule som ligg innanfor 6 km frå søkaren si folkeregistrerte adresse og det er etablert kringsgrenser slik at alle elevar har ein nærskule.

Fordeler:

- Dei fleste søkarane vil allereie før inntaket vite kva skule dei kjem inn på
- Gir meir stabile og difor føreseielege tilbod
- Søkarar til tilbod som ikkje finst på nærskulen kan velje kva skule dei vil søke
- Samanlikna med eit «fullskala» nærskuleprinsipp (modell 2a) er det ein enklare modell

Ulemper:

- Kan medføre at elevane må tilpasse val av utdanningsprogram til om ein ønsker å gå på nærskulen eller ikkje
- Søkarar med svakast karaktergrunnlag vil kanskje ikkje få plass på nærskulen og difor få lengst reiseveg
- Krev ein skule- og tilbodsstruktur som er tilpassa elevtalsgrunnlaget i kvar skule sitt omland og at skulestrukturen er slik at kvar skule har eit naturleg omland
- Kan gi uheldige verknader for søkarar som bur i grenseområde mellom to skular

Modell 3: Fleire inntaksområde – karakterbasert

Fylket vert delt i fleire geografiske inntaksområde. Søkarane kan fritt søke alle skular i sitt inntaksområde. Karakterar avgjer kva skular og programområde søkaren kjem inn på innanfor inntaksområdet. Søkaren har rett til eit tilbod i eige inntaksområde.

Fordelar:

- Gir søkarane valfridom til programområde og ein viss valfridom til skule
- Gir søkarane høve til miljøskifte
- Fleire søkarar med svakt karaktergrunnlag får kortare reiseveg
- Gjer det enklare å dimensjonere opplæringstilbodet opp mot søkinga
- Gir meir stabile og difor føreseielege tilbod
- Kan gi redusert søkarpres til Bergensområdet frå andre deler av fylket

Ulemper:

- Gir redusert valfridom til skule
- Kan gi uheldige verknader for søkarar som bur i grenseområde mellom to inntaksområde

Modell 4: Fleire inntaksområde - nærskuleprinsipp

Søkarane vert, etter folkeregistrert adresse, styrt til næraste skule i sitt inntaksområde som har dei programområda søkaren har søkt på.

Modell 4 er i det vesentlege lik modell 2, men har vesentleg større problematikk knytt til grenseområde for søkarane. Dette gjer at modell 4, etter rådmannen si vurdering, i praksis vil vere eit lite tenleg alternativ å gå vidare med. Modell 4 blir difor ikkje drøfta vidare i saka.

4.2 Vurdering av modellane

Modellane er vurderte ut frå følgjande kriteria:

- Høve til å velje skule og programområde
- Dimensjonering

4.2.1 Høve til å velje skule og programområde

I distrikta søker dei fleste næraste skule. I Bergensområdet ser ein i større grad eit aktivt val òg av skule, og det er vanskelegare å definere kva som er nærskulen. Å kunne velje skule og programområde vil opplevast som ein viktig verdi for mange søkarar, og det kan ha betydning for motivasjon og gjennomføring. Hovudbiletet er likevel at å kome inn på førsteønsket sitt i liten grad er avgjerande for om ein fullfører vidaregåande opplæring. Det som signifikant påverkar sannsynet for om ein gjennomfører vidaregåande opplæring er grunnskulepoeng / karaktergrunnlaget frå grunnskulen.

I alle dei tre modellane er det dei søkarane som har svakast karaktergrunnlag frå grunnskulen som har minst valfridom. **Modell 1 (fritt skuleval)** har karakterar som einaste sorteringskriterium. Dei søkarane som har best karakterar får velje først. Desse søkarane kan – som mange gjer i dag – velje å søke næraste skule, eller dei kan velje eit miljøskifte utan at det treng påverke val av programområde. Der det er fleire søkarar enn plassar – anten på skule eller programområde – vil dei som har dårlegast karakterar få tilbod på ein annan skule. Med eitt inntaksområde kan den andre skulen ligge kvar som helst i fylket. Det er dei elevane som har størst sannsyn for fråfall som – mot sitt ønske – vert flytta til skular med ledig kapasitet og potensielt får lang reiseveg og/eller ufrivillig må flytte på hybel.

Negative konsekvensar for denne elevgruppa kan reduserast noko ved individuell handsaming i siste del av inntaket.

Spørsmål kring reisegaranti for elevar er komplekst. Utgangspunktet for vurderingane er elevar som ufrivillig får lang skuleveg. Det må avklarast om reisetid eller avstand skal gje grunnlag for garanti. Dersom ein ikkje skal nytte eksakt tid eller avstand som grunnlag, vil spørsmålet om garanti måtte vurderast skjønsmessige. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det kunne bli utfordrande å gjennomføre ei slik garantiordning. I tillegg må det avklarast om ein garanti skal gjelde dagleg reise eller heimreise i helgar for elevar på hybel.

Å gje elevar ulike former for garantiar i samband med inntaket vil kunne føre til auka ressursbehov, då årsaka til at søkarar ikkje får inntak på skular dei har søkt er at det ikkje er ledige plassar.

I modell 2 a (Eitt inntaksområde – nærskuleprinsipp) er geografi første sorteringskriterium. Søkarane har same valfridom i høve programområde, men kan ikkje velje skule. Dei blir styrt til næraste skule som har utdanningsprogrammet dei ønsker. Søkarar som av ulike grunnar ønsker miljøskifte må då gå vegen om å velje eit utdanningsprogram som ikkje finst ved den lokale skulen for å oppnå dette. I område med fleire skuleplassar enn elevtalsgrunnlag vil søkarane i stor grad på førehand vite kva skule dei blir tekne inn på. I pressområde der det er færre skuleplassar enn elevtalsgrunnlag vil det også i denne modellen vere dei elevane med dårlegast karakterar som ikkje kjem inn på nærskulen, blir flytt til skular med ledig kapasitet og får lang reiseveg og/eller ufrivillig må flytte på hybel. Eit nærskuleprinsipp kan gi ei forventning om at ein har rett til skuleplass på næraste skule. For søkarar som då ser at nærskulen for utdanningsprogrammet dei ønsker ligg så langt unna at dei må flytte på hybel eller at dei likevel ikkje kjem inn på næraste skule, kan misforholdet mellom forventningar til modellen og korleis den reelt fungerer vere uheldig. For søkarar som bur i område/kommunar der dei uansett må flytte på hybel når dei startar i vidaregåande, kan det opplevast som særskilt urimeleg å ikkje få velje skule t.d. ut frå kvar ein har familie eller andre nettverk.

I modell 2b (nærskuleprinsipp etter modell frå Trøndelag) er geografi første sorteringskriterium på same måte som i modell 2a, men her vil kvar søkar ha ein bestemt skule definert som sin nærskule. Dersom utdanningsprogrammet søkaren ønsker finst ved denne skulen, blir han/ho styrt dit. Dersom utdanningsprogrammet ikkje finst ved skulen konkurrerer søkaren på lik linje med andre på karakterpoeng om skuleplass på dei skulane søkaren ønsker. For søkarane vil denne modellen vere enklare å sjå konsekvensane av enn den ved eit reindyrka nærskuleprinsipp i modell 2a, fordi dei har ein bestemt skule definert som sin nærskule, ikkje fleire skular avhengig av kva utdanningsprogram dei søker. I pressområde der det er færre skuleplassar enn elevtalsgrunnlaget vil det òg i denne modellen vere elevane med dårlegast karakterar som ikkje kjem inn på nærskulen. Dersom ein skulle gi søkarar rett til å kome inn på nærskulen, ville det medføre at omlandet for kvar skule vart eit inntaksområde, og at ein anten måtte opne for å ta inn fleire søkarar i klassane enn det er plassar til eller opprette nye klassar ved oversøking.

Modell 3 (fleire inntaksområde) har òg geografi som første sorteringskriterium, men mindre finmaska enn i modell 2a og b. Her vil søkarane ha valfridom i høve programområde og ein viss valfridom i høve skule. Det vil vere færre skular å velje mellom enn i modell 1, men likevel høve til miljøskifte utan å måtte la dette styre val av utdanningsprogram. Søkarane vil ha rett til inntak innanfor sitt eige inntaksområde, men karakterar vil avgjere kven som kjem inn kvar innanfor inntaksområdet. Ein rett til skuleplass innanfor eige inntaksområde avgrensar kor lang, ufrivillig reiseveg elevane vil få. Med utgangspunkt i dagens inntaksordning i Hordaland og i Sogn og Fjordane og søkarane sitt søkemønster i dag, vil denne modellen i liten grad opplevast forskjellig frå dagens praksis for søkarane. Legg ein til grunn at det skal vere eit breitt opplæringstilbod i alle inntaksområde, vil inntaksområde eit stykke på veg fungere stabiliserande på skule- og tilbodsstruktur – og slik sett bygge opp under dei politiske måla i intensjonsplanen om eit desentralisert skulestruktur - samstundes som ein ivaretek ein stor grad av valfridom for søkarane.

Uavhengig av modell vil der vere programområde ein kan tilby berre ein eller nokre få stader i Vestland. Der vil òg vere programområde elevane må ut av eige fylke for å få tilbod om. I modell 2 vil eit fylkesdekkande tilbod vere nærskule for heile Vestland. I modell 3 vil fylkesdekkande tilbod eller tilbod

som ikkje finst i alle inntaksområde vere søkbare for alle søkarar i heile fylket og søkarane vil konkurrere på like vilkår uavhengig av kva inntaksområde dei høyrer til.

4.3 Dimensjonering

Godt tilpassa tilbudsstruktur (dimensjonering) er avgjerande både for å kunne gi eit likeverdig opplæringstilbod i alle deler av Vestland, ha godt samsvar mellom næringslivet/arbeidslivet sine behov i dei ulike delane av fylket og å forvalte ressursane brukt til vidaregåande opplæring på ein god måte. Opplæringstilbodet må dimensjonierast slik at alle som har rett til vidaregåande opplæring får denne innfridd utan at talet klassar/grupper vert høgare enn naudsynt. Grunnlaget for dimensjonering av kapasiteten til vg1 er talet elevar i grunnskulen, justert for kor mange som erfaringsmessig søker private skular. I tillegg vert kapasiteten justert for kor mange som kjem frå ulike introduksjonstilbod for minoritetsspråklege elevar og søkarar som gjer omval. Til vg2 er inntekne elevar i vg1 grunnlaget, justert for omval. I dimensjoneringa av opplæringstilbodet er det viktig å finne ein god balanse mellom å ha breidde i opplæringstilbodet, søkarane sine ønske og næringslivet / arbeidslivet sine behov. Særleg innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma bør det i størst mogeleg grad vere samsvar mellom kor mange skuleplassar ein har, kor mange læreplassar det er tilgang på og næringslivet sitt behov for arbeidskraft nokre år fram i tid. Å lukkast med dimensjonering av opplæringstilbodet er difor ein viktig faktor for gjennomføring i vidaregåande opplæring. Dersom ein i tillegg kan dimensjonere opplæringstilbodet slik at det er relativt stabilt over tid er det ein fordel for kvaliteten i opplæringa fordi ein bygger opp og opprettheld fagmiljø og relasjonar mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn.

Bergen står i ei særstilling når det gjeld demografi og infrastruktur med halvparten av innbyggjarane i Hordaland. Bergen har i tillegg folkerike omlandskommunar, der mange søkarar historisk sett vel å søke seg til skular i Bergen. Dette speglar seg også i dimensjoneringa av skuleplassar i Bergen kommune, der det er langt fleire skuleplassar enn det folketalet i aldersgruppa skulle tilseie. Tilsvarende er det i omlandskommunane færre elevplassar. Det er tydelege reisemønster frå omlandskommunane med tanke på jobb og skule, og det er god kommunikasjon til og frå Bergen. Skuletettleik og god kommunikasjon mellom bydelane og omlandskommunane gjer at søkarane søker skule på tvers av bydelar og kommunegrenser. Elevane busette i Bergen kommune vil ha tilgang til alle utdanningsprogram innan ein time reiseveg kvar veg. Dette gjeld og for svært mange søkarar busett i dei folkerike kommunane som grensar opp mot Bergen.

Talet på elevplassar i private vidaregåande skular er ein viktig parameter når det offentlege vidaregåande tilbodet i Hordaland vert dimensjonert. Dersom det er lokalisert mange private elevplassar i ein region eller eit regionsenter, avgrensar dette det offentlege tilbodet når det gjeld elevplassar og fagtilbod. Det er i hovudsak i Bergen sentrum at talet på private elevplassar er betydeleg.

Dei aller fleste elevplassane i dei private vidaregåande skulane er på studiespesialiserande utdanningsprogram (i underkant av 2000), og dei fleste av desse ligg i Bergen sentrum (omlag 1600).

Når fylkeskommunen dimensjonerer skular og elevplassar må det takast omsyn til kapasiteten som eksisterer ved dei private skulane. Ein kan ikkje sjå bort frå desse elevplassane, då dette ville ført til ein unødvendig stor overkapasitet i dei offentlege skulane. Samtidig er det slik at fylkeskommunen skal kunne tilby ein skuleplass til alle med ungdomsrett i fylket. Dette gjeld og dersom ein av dei private skulane til dømes skulle stenge på kort varsel. Fylkeskommunen må operere med noko overkapasitet grunna det private utdanningstilbodet.

Modell 1 (fritt skuleval) er det alternativet som gir minst føreseielege rammer for arbeidet med dimensjonering av opplæringstilbodet, svakast kopling til lokalt næringsliv sine behov og størst risiko for store avvik mellom utlyst tilbod og søkinga. Om ein i denne modellen ikkje tek omsyn til søkinga kan det medføre at relativt mange søkarar opplever å ikkje reelt få velje utdanningsprogram og skule. Dersom flest mogeleg søkarar skal få innfridd sitt primære utdanningsval vil ein måtte justere opplæringstilbodet i tråd med søkinga. Dette kan medføre risiko for overkapasitet i høve behovet for arbeidskraft på nokre

fagområde, at elevane ikkje får læreplassar, svakare fagmiljø ved skulane og at ein får mindre breidde i tilbudet. Modell 1 vil kunne auke presset på skulane i Bergen sentrum.

Modell 2a (nærskuleprinsipp) gir føreseielege rammer med omsyn til elevtalsgrunnlaget ein dimensjonerer for og ei sterk kopling mellom lokalsamfunn og skule. Modellen er likevel svært sårbar for svingingar i elevtalsgrunnlag i dei ulike skulane sitt inntaksområde. I pressområde vil anten søkarane med svakast karaktergrunnlag ikkje kome inn på næraste skule, eller ein må auke opp klasse-/gruppetalet. I område med lågt eller fallande elevtal vil ein anten måtte ta kostnaden med å ha overkapasitet og soleis ikkje fylle opp klassane/gruppene, eller ein må redusere tilbudet. Modellen har difor ein risiko for ikkje å støtte opp om målsettinga om ein desentralisert skulestruktur dersom ein òg skal forvalte ressursane brukt til vidaregåande opplæring effektivt. I modell 2 vil det vere krevjande å definere kva som er nærskulen i Bergen sentrum. For søkarar frå Bergen og omlandskommunane som har kort reiseveg til mange skular, vil det å bli styrt til næraste skule kunne opplevast som urimeleg.

Modell 2b (nærskuleprinsipp etter modell frå Trøndelag) har på same måte som modell 2a ei sterk kobling mellom lokalsamfunn og skule. Ein vesentleg føresetnad for at modellen skal fungere godt er at skule- og tilbodsstrukturen er godt tilpassa elevtalsgrunnlaget i dei ulike områda i fylket. I Trøndelag har nærskuleprinsippet vore grunnlag for inntaksordningane sidan 90-talet, og skule- og tilbodsstrukturen har over tid fått ei dimensjonering som er tilpassa det elevtalsgrunnlaget kvar einskild skule har. I distriktskommunane vil ein i Vestland langt på veg ha vidaregåande skular med eit naturleg omland, der tilbudet er dimensjonert for elevtalsgrunnlaget i dette omlandet og der dei fleste søkarane søker til nærskulen. For Bergensområdet, der det i høve til elevtalsgrunnlag er høg tettleik av skuleplassar i Bergen sentrum og underdekning av skuleplassar i omlandskommunane, vil utfordringane med å definere naturlege skulekrinsar der det er godt samsvar mellom tilbud og elevtalsgrunnlag vere større.

Modell 3 (fleire inntaksområde) gir meir føreseielege rammer for dimensjonering enn modell 1, men mindre enn modell 2. Modell 3 gir moglegheit for ein relativt høg stabilitet i tilbudet, og dermed fagmiljøa, ved den einskilde skule. Samstundes gir modellen fleksibilitet til å justere ut frå endringar i søkemønsteret og behova i næringslivet. Modellen er òg den som best gjer det mogeleg å tilpasse opplæringstilbodet til ulikskapar i næringsstruktur i dei ulike delane av Vestland. Næringsstruktur påverkar kva utdanningar ungdomane søker, og rekrutteringa av lærlingar har i stor grad vore lokal. Ein einskild skule kan ikkje dekke alle lokale behov for arbeidskraft og ha slik breidde i tilbudet at det gir valfridom for søkarane. Innanfor eit større inntaksområde kan ein likevel få til ei dimensjonering som speglar lokale behov og samstundes gir breidde i tilbudet. Modell 3 legg til rette for å dimensjonere eit opplæringstilbod som bygger opp under byar og lokalsamfunn sine behov og for å ivareta målsettinga om eit breitt og likeverdig opplæringstilbod i heile Vestland, samstundes som ein forvaltar ressursane effektivt. Modell 3 vil kunne redusere presset på skulane i Bergen sentrum. Dette, saman med rett til inntak i eige inntaksområde, vil kunne gi positiv effekt for søkarar med lågt karaktergrunnlag.

5 Nærare om modell 3 - inndeling i inntaksområde

Modell 3 føreset inndeling av Vestland i fleire inntaksområde. Fylkesrådmannen har vurdert fleire alternative inndelingar med to og tre inntaksområde. Dette førebuande arbeidet har synt at det er vanskeleg å finne inndelingar som godt nok tek i vare omsyna til breidde i opplæringstilboda, elevgrunnlag og reiseavstand. Eit alternativ med tre inntaksområde vil gi særskilte utfordringar i område av fylke med lågt elevtalsgrunnlag og det viser seg krevjande å få til naudsynt breidde i tilbodet. Fylkesrådmannen vel difor i si vurdering å gå vidare på høyring med ei inndeling av Vestland i to inntaksområde.


I vurderinga av to inntaksområde har fylkesrådmannen lagt til grunn følgjande kriteria: reisetid med offentlig kommunikasjon og høve for elevane til å reise heim i helga. Det ligg utfordringar i alle alternativa, det er difor ønskjeleg å høyre alle alternativa. Desse er difor ikkje lagt fram med tilråding i høyringsframlegget.

Fylkesrådmannen legg fram følgjande alternativ til inndeling i inntaksområde:

1. Inndeling etter dagens fylkesgrenser, men der kommunane Solund og Gulen vert ein del av det sørlege inntaksområdet



2. Inndeling etter dagens fylkesgrenser, men der kommunane Solund, Gulen og Aurland vert ein del av det sørlege inntaksområdet



3. Inndeling etter dagens fylkesgrenser, men der kommunane Fedje, Austrheim, Alver og Masfjorden vert del av det nordlege inntaksområdet



4. Inndeling etter dagens fylkesgrenser, men der kommunane Fedje, Austrheim, Alver, Masfjorden, Modalen, Vaksdal, Voss, Ulvik og Eidfjord vert del av det nordlege inntaksområdet.



Merknad: Hovudtillitsvalte sin representant i prosjektgruppa som har utarbeidd høyringsgrunnlaget, har gitt ein uttale som argumenterer for å vurdere tre inntaksområde. Sjå vedlegg 3.

6 Utdanningsdirektoratet sitt forslag til endring i forskrift til opplæringslova kap. 6 – innføring av fritt skuleval i alle fylkeskommunar

Utdanningsdirektoratet sende 23.08.19 på høyring framlegg til endringar i forskrift til Opplæringslova kapittel 6 der ein føreslår avgrensingar i kva inntaksordningar fylkeskommunane kan ha til ulike variantar av karakterbasert inntak. Høyringsfristen er 31.12.19. Når Vestland fylkeskommune legg framlegg til inntaks- og formidlingsforskrift ut på høyring vil direktoratet si høyring ikkje vere avslutta, og det vil truleg ikkje vere kjent kva som vert utfallet av høyringsprosessen og den vidare handsaminga av saka før etter nyttår.

Dersom forskrift til opplæringslova vert endra i tråd med eit av framlegga direktoratet har sendt på høyring vil det avgrense kva inntaksmodell fylkestinget har mogelegheit til å vedta. Det er lagt opp til at eventuelle endringar i forskrift til opplæringslova kan tre i kraft hausten 2021, altså samstundes som ny inntaks- og formidlingsforskrift for Vestland fylkeskommune vert gjort gjeldande.

Høyringa frå direktoratet gjeld to alternative framlegg ved inntak til Vg1:

Alternativ 1: Fylkeskommunane skal innføre karakterbasert inntak/fritt skuleval i heile fylket eller karakterbasert inntak/fritt skuleval innanfor fastsette inntaksområde i fylket.

Alternativ 2: Fylkeskommunane skal innføre karakterbasert inntak/fritt skuleval i heile fylket, og kan berre fastsette inntaksområde dersom det er grunngeve i store avstandar eller trafikale tilhøve.

For begge alternativa medfører framlegga at fylkeskommunane i så fall ikkje får høve til å gjennomføre inntak etter nærskuleprinsippet. Alternativ 1 gjev rom for at fylkeskommunane kan velje å ha inntaksområde med karakterbasert inntak innanfor inntaksområdet, men det gjev avgrensingar i korleis fylkeskommunane kan definere inntaksområda sidan det er føresett at det innanfor same inntaksområde må vere minimum to skular med same utdanningsprogram som elevane kan velje mellom. Det vil då vere dei utdanningsprogramma som i elevtal/søkargrunnlag legg føringane på kor stort eit inntaksområde må vere. Alternativ 2 medfører at fylkeskommunane må innføre karakterbasert inntak i heile fylket og at det berre er opna for å innføre unntaksbestemmingar som er grunngeve med store avstandar og trafikale tilhøve som gjer at elevane får urimeleg lang skuleveg.

Dersom gjeldande rett blir ståande etter høyringsprosessen og departementet si handsaming vil fylkestinget fritt kunne vedta alle inntaksordningar som er skissert i dette høyringsdokumentet. Dersom departement fastset forskriftsendringar i tråd med alternativ 1 vil fylkestinget kunne vedta inntaksordningar etter modell 1 eller modell 3 under, men vil ikkje kunne vedta modell 2a eller modell 2b. For modell 3 vil ei eventuell slik forskriftsendring kunne avgrense kor mange inntaksområde ein kan dele Vestland inn i. Dersom departementet fastset forskriftsendringar i tråd med alternativ 2 vil fylkestinget måtte ta utgangspunkt i modell 1, men det vil truleg òg her vere rom for å vurdere unntaksbestemmingar grunngeve i urimeleg lang skuleveg som i hovudtrekk gjev ei inndeling i inntaksområde i samsvar med modell 3.

7 Oppflytting til vg2 og vg3 i studieførebuande utdanningsprogram

Dei studieførebuande utdanningsprogramma er: studiespesialisering, idrettsfag, musikk, dans og drama, kunst-, design og arkitektur og medium og kommunikasjon.

8.1 Oppflytting frå vg1 til vg2 i studieførebuande utdanningsprogram

I Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Hordaland fylkeskommune heiter det m.a.:

§ 4 Inntak til Vg2 og Vg3:

«Søklar kan prioritere inntil tre programområde som han/ho er kvalifisert til ved innsøking til Vg2 eller Vg3. Innanfor kvart programområde kan det prioriterast inntil seks skular. (2) Inntaket vert gjort på bakgrunn av karakterpoeng for kompetansegevend kurs. Ved innsøking til Vg2 vert karakterar frå Vg1 lagt til grunn, og ved innsøking til Vg3 vert karakterar frå Vg2 lagt til grunn. Søklar til Vg2 på utdanningsprogramma studiespesialiserande (ST), idrett (ID), medium og kommunikasjon (MK), kunst, design og arkitektur (KDA) og musikk, dans og drama (MDD) har rett til å halde fram på same skule der Vg1 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg1 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år, og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet. Til Vg2 musikk ved Langhaugen vgs vert elevar frå Vg1 musikk, dans og drama ved skulen prioritert for inntak saman med søklarar frå Vg1 ved andre fylkeskommunale skular.»

Fylkestinget i Hordaland vedtok i sak 2016/8071-1 følgande:

Vedtak

- Hordaland fylkeskommune tek utgangspunkt dagens inntaksmodell, med desse endringane: - Elevar frå VG1 innan dei studieførebuande utdanningsprogramma skal ha ein rett til å fortsetje på

same skule på neste trinn påfølgjande skuleår. - Innføre ein reisetidsgaranti for å sikre at ingen elevar får urimeleg lang ufrivillig reisetid. Det må presiserast i lokal inntaksforskrift at desse elevane skal vurderast skjønsmessig for inntak på nærskulen.

- *Fylkesrådmannen får fullmakt til å endre lokal inntaksforskrift i tråd med dette. Ny inntaksforskrift vert lagt fram som melding til utval for opplæring og helse i januar 2017.*
- *Det skal gjerast ein eigen vurdering av om ordninga med rett frå VG1 til VG2 og skal gjelde for Musikk, Dans og Drama.*
- *Fylkestinget ber om at utval for opplæring og helse vert gitt ei orientering kring retningslinjer og oppfølging i høve søknadsskjemaet og opplæring i dette med omsyn til saksframlegget.*

I Sogn og Fjordane har ein ikkje hatt tilsvarende ordning.

Fordeler med oppflytting frå vg1 til vg2 studieførebuande utdanningsprogram:

- Føreseieleg for elevane. Når ein elev har kome inn på eit studieførebuande utdanningsprogram på ein bestemt skule, veit eleven at han/ho òg vil få plass der på vg2 og vg3
- Karakterpresset for elevane vert mindre
- Særskilt for musikk medfører ordninga at ein held nede kapasitetsbehovet i fylkeskommunale skular.

Vg2 og vg3 musikk er populære, men relativt dyre tilbod samanlikna med andre tilbod som gjev elevane generell studiekompetanse. Fortrinn for elevar i fylkeskommunale skular held nede behovet for at tilbodet må dimensjonast opp på vg2 og vg3 for å kunne ta imot søkarar som har gått vg1 i private skular, og gjer at fylkeskommunen står friare til korleis ein prioriterer kapasitet i ulike utdanningsprogram

Ulemper med oppflytting frå vg1 til vg2 studieførebuande utdanningsprogram

- Reduserte mogelegheiter for elevane til miljø- og/eller fagskifte etter inntak på vg1
- Mindre insentiv for elevane til å jobbe for å behalde plass på skulen dei går på, for elevar som er komne inn der dei ønskte på vg1, eller å få plass/konkurrere seg inn på den skulen dei ønsker for elevar som ikkje kom inn der dei ønskte på vg1
- Elevane må ta eit val for tre år. Når elevane søker vg1, må dei òg ta omsyn til kva programfag dei ønsker på vg2 og vg3 for å kunne søke seg til skular som tilbyr programfaga dei ønsker
- Kan medføre at det ikkje er mogeleg å ta ned gruppetal i vg2 og vg3 fordi ledig kapasitet fordeler seg på fleire skular. Dersom ein skule ikkje har tilbod på vg2 eller vg3 vil ikkje desse elevane få oppfylt retten på same skule. I tillegg vil dei stå bakerst i køa på dei andre skulane.
- Oppflytting i studieførebuande utdanningsprogram inneber ulik handsaming av studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram.

Vurdering

Fortrinn frå vg1 til vg2 vil truleg opplevast som ein fordel for eit fleirtal av elevane, ved at dei er sikra plass i tre år når dei først er komne inn på ein skule. Det reduserer presset på elevane, og det gjer det lettare å bygge gode, stabile klasse miljø. Dei elevane som ikkje kom inn på den skulen dei ønsker til vg1 eller som ikkje trivst på den skulen dei kom inn på til vg1, vil ordninga derimot vere til ulempe for ved at det blir vanskelegare for elevane å få byte skule. Å kunne byte skule blir i liten grad avhengig av eigen innsats, men av at elevar på andre skular gjer val som fører til at det blir ledige plassar på vg2 og vg3. Ordninga kan òg gjere terskelen høgare for at elevar på vg1 i private skular vel fylkeskommunale skular på vg2 og vg3.

Dersom fylkeskommunen skulle velje å ha vg1 studiespesialisering, men ikkje vg2 og vg3 på ein eller fleire skular – eller dersom vg2/vg3 studiespesialisering på ein skule ikkje skulle bli starta opp på grunn av for lågt søkartal, vil ordninga med fortrinn kunne vere ei utfordring. Desse elevane vil då ikkje ha eit vg2 og vg3 som dei har fortrinn til, og vil måtte konkurrere seg inn på dei ledige plassane som måtte finnast på

andre skular. Få – om nokon – skular har alle programfag på vg2 og vg3 studiespesialiserande. Elevar som ønsker bestemte programfag vil med ei ordning med fortrinn måtte ta omsyn til dette òg når dei søker vg1, fordi det kan verte vanskeleg å byte skule til vg2 for å få eit bestemt programfag. Utfordringane her vil truleg kunne verte størst ved skular som har berre ein eller to parallellar studiespesialiserande, der økonomiske omsyn kan gjere at det er vanskeleg for skulen å ha stor breidde i programfaga på vg2 og vg3. Ei ordning med fortrinn forutset derfor langt på veg at budsjettet til skulane og finansieringsmodellen til skulane er slik innretta at alle skular har mogelegheit til å ha breidde i kva programfag dei tilbyr på vg2 og vg3, og til å setje i gang grupper i programfag sjølv om elevtalet i gruppene blir lågt.

Ordninga med fortrinn har òg nokre prinsipielle utfordringar. Den eine er at ein for studieførebuande utdanningsprogram med ei slik ordning kan kome til å legge to ulike hovudprinsipp til grunn for inntaket til vg1 og til vg2/vg3. Dersom fylkestinget vel modell 1 (karakterbasert inntak med eit inntaksområde) eller modell 3 (karakterbasert inntak innanfor fleire inntaksområde) vil ein til vg1 ha ei inntaksordning der karakterar er det viktigaste sorteringskriteriet. Til vg2 og vg3 vil – dersom ein har fortrinn frå vg1 til vg2 - første sorteringskriterium ikkje vere karakterar, men kva skule søkaren gjekk på vg1. Dersom fylkestinget vel modell 2a eller 2b (nærskuleprinsipp) vil behovet for fortrinn frå vg1 til vg2 truleg vere vesentleg mindre enn med primært karakterbaserte inntaksordningar.

Den andre prinsipielle utfordringa er at ein vil handsame søkarar til studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram ulikt. Studiespesialisering er eit tilbod som finst ved dei aller fleste skular, og på så godt som alle skulestader. Elevar som ønsker generell studiekompetanse vil derfor i stor grad kunne få dette tilbodet i nærleiken av der dei bur. Dei yrkesfaglege utdanningane har ein mykje meir sentralisert struktur, og nokre av dei yrkesfaglege utdanningsprogramma finst berre ved nokre få skular. Elevar som ønsker bestemte yrkesfaglege utdanningar må derfor i mykje større grad rekne med at dei må flytte for å få denne utdanninga, og å måtte byte skule mellom vg1 og vg2. Å innføre fortrinnsrett for søkarar innanfor alle yrkesfag er ikkje mogeleg på grunn av breidda i viftene innanfor dei yrkesfaglege utdanningsprogramma. Ingen skular vil kunne ha heile spekteret av programområde på vg2 yrkesfag innanfor dei utdanningsprogramma dei har på vg1. Det er likevel mogeleg å sjå føre seg at ordninga kunne gjelde for nokre yrkesfag, t.d. frå vg1 TIP til vg2 industriteknologi sidan nesten alle skular som har TIP òg har vg2 industriteknologi.

7.2 Oppflytting frå v2 til vg3 i studieførebuande utdanningsprogram

I Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreplass i Hordaland fylkeskommune heiter det m.a.:

§ 5 Inntak til Vg3 studiespesialiserande programområde

«Søkjjar til Vg3 studiespesialiserande programområde har rett til å halde fram på same skule der Vg2 er fullført dersom ho/han har kompetanse frå Vg2 og har søkt som fulltidselev etter inntaksforskrifta. Føresetnaden er at det vert søkt om inntak påfølgjande år og at den skulen der ho/han har fullført Vg2, er første prioritet.»

I Sogn og Fjordane har ein ikkje hatt tilsvarande ordning.

Årsaka til oppflyttingsretten frå vg2 til vg3 er å sikre at elevane får fullføre dei programfaga dei byrja med på vg2. Ulike skular kan ha ulike programfag, og for at elevane skal få vitnemål det er naudsynt å sikre at elevane får riktig fagkombinasjon etter dei tre åra i vidaregåande opplæring. Fortrinn til vg3 studiespesialisering er derfor ein fordel for både elevane og skulane for å sikre dette. For dei andre studieførebuande utdanningsprogramma er der ikkje dei same utfordringane med å sikre elevane fagkombinasjonar for å kunne få vitnemål, men det er etter vår vurdering likevel ikkje vesentlege argument som talar mot at ein dersom ein har fortrinn frå vg2 til vg3 på studiespesialiserande

utdanningsprogram òg bør ha slikt fortrinn innanfor dei andre studieførebuande utdanningsprogramma. Ei ulempe med oppflytting fra vg2 til vg3 kan vere at elevane har mindre mogelegheiter til å byte skule og miljø.

8 Ordningar for toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar

Følgjande skular har tilbod til toppidrettsutøvarar i samarbeid med Olympiatoppen -Vest.: Tertnes vidaregåande skule har i hovudsak tilbod i sommaridrettar. Voss gymnas har tilbod i langrenn/skiskyting, alpint, kulekjøring og freeski/snowboard

Utdanningsprogram

Tertnes vidaregåande skule har tilbod om studiespesialisering med toppidrett Og Voss gymnas har tilbod om idrettsfag med toppidrett.

I Sogn og Fjordane er det to ulike ordningar for potensielle toppidrettsutøvarar:

1. Spissa tilbod til potensielle toppidrettsutøvarar ved Sogndal vidaregåande skule (fotball) og Hafstad vidaregåande skule (volleyball)
2. Potensielle toppidrettsutøvarar som gjeld alle idrettar som ikkje er omfatta av ordning 1, og idretten kan utøvast ved alle skulane i fylket.

Praktisering av ordningane:

I Hordaland er inntaksprosessen til toppidrettstilboda i samarbeid med Olympiatoppen- Vest. Søkarar godkjente av Olympiatoppen- Vest får reservert plass i inntaket. Inntaket er for eitt år om gangen. Olympiatoppen- Vest vurderer og avgjer innan 1. mars i skuleåret, om eleven får halde fram som toppidrettsutøvar året etter. Hordaland fylkeskommune har vedtak om oppflytting til neste nivå ved same skule ved alle studieførebuande utdanningsprogram.

I Sogn og Fjordane er det Sogn og Fjordane idrettskrins som vurderer dei idrettsfaglege prestasjonane. Deira vurdering gir grunnlag for deltaking i det særskilte idrettstilbodet, viss søkaren konkurrerer seg inn i inntaket. Det er ingen reserverte plassar.

Avgrensingar i sentral forskrift

I sentral inntaksforskrift § 6-11 Særlege reglar om inntak til einskilde utdanningsprogram mv første ledd står det:«*For inntak til utdanningsprogram for musikk, dans, drama og utdanningsprogram for idrettsfag i Vg1 kan fylkeskommunen fastsetje særlege reglar i den lokale forskrifta om inntak. Fylkeskommunane kan fastsetje at inntil 50 prosent av plassane i desse utdanningsprogramma kan tildelast på grunnlag av dokumentasjon av ferdigheit eller eventuell inntaksprøve, i tillegg til poeng rekna ut på grunnlag av karakterar.*»

Paragrafen er uttømmende på kva utdanningsprogram det er høve til å tildele plassar på grunnlag av ferdigheitsprøve i, og til kva nivå.

Reservering av plassar til elevar på vg1 studiespesialiserande er i strid med den sentrale forskrifta. Hordaland fylkeskommune sitt vedtak om rett til vg2 og vg3 ved same skule, i alle studieførebuande utdanningsprogram, gjer at reservert plass i toppidrettstilbodet på vg2 og vg3 ikkje kjem inn under den sentrale forskrifta, då det ikkje er toppidretten som er grunnlaget for oppflytting til neste nivå.

I drøftinga av framtidige tilbod til idrettsutøvarar, både potensielle- og definerte toppidrettsutøvarar må rammene i den sentrale forskrifta vere grunnlag for tilrådingar til framtidige tilbod.

Eit vedtak i Vestland fylkeskommune om rett til plass ved same skule i studieførebuande utdanningsprogram berre til vg3, vil bety at elevar i tilbod for potensielle- og definerte toppidrettsutøvarar, må konkurrere seg inn til vg2 på ordinært vis

Fylkesrådmannen rår til følgjande ordning som tek i vare toppidrettsutøvarar og potensielle toppidrettsutøvarar:

1. Inntil 50 % av søkerane som har vg1 idrettsfag som sitt første ønskje, kan takast inn på grunnlag av dokumenterte ferdigheiter (idrettslege kriterier) i tillegg til karakterpoeng/konkurranspoeng (poengsum). Skala for tilleggspoeng, på bakgrunn av dokumentasjon frå særkrins/klubb, blir fastsett av fylkesrådmannen.

Skulane kan tilby programfaga toppidrett og breiddeidrett anten i utdanningsprogrammet idrettsfag eller studiespesialisering. Til desse tilboda er det ordinært karakterinntak.

Skulane står fritt til, innafor den økonomiske ramma, å ha eit samarbeid med relevante aktørar om toppidrettsutøvarar eller potensielle toppidrettsutøvarar etter fastsette idrettsfaglege kriterium.

9 Høyringsprosess

Forslaget til inntaks- og formidlingsforskrift bør ut på ei ope, brei høyring i minimum 6 veker. Det bør sendast ut særskilt invitasjon til skular, kommunar, representantar for arbeids,- og næringsliv og relevante organisasjonar. Høyringa vert tilpassa og lagt opent ut på Vestland fylkeskommune sine nettsider, og alle som vil gi uttale må nytte seg av denne kanalen.

Kva for inntaksmodell fylkestinget skal velje for det nye fylket er etter fylkesrådmannen si vurdering det viktigaste spørsmålet i høyringa. Saksutgreiinga tek føre seg føresegner som er vurdert som særskilt viktige eller av prinsipiell art. Dette gjeld:

- Modell for inntak
- Val av inntaksområde
- Rett til oppflytting frå vg2 og vg3 i studieførebuande utdanningsprogram
- Ordningar for potensielle- og definerte toppidrettsutøvarar

Høyringsinstansane bør, etter fylkesrådmannen si vurdering, spesielt ta stilling til innhaldet i dei paragrafane som er drøfta i saksutgreiinga, men det bør vere opning for å komme med innspel til alle føresegnene i utkastet til den lokale forskrifta. Politisk handsaming av realitetane i forskrifta må seinast skje i løpet av våren 2020. Ny forskrift vil vere gjeldande frå skuleåret 2021/2022.

Vedtakskompetanse

Det er fylkestinget som har avgjerdsmynde.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant